



Bkk AS  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/981 - 19/9785

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
21.03.2019

## Etterlyser årsrapport oljeutskiljar - GBNR 188/411 Kvassnesvegen 56

Teknisk drift kan ikkje sjå å ha motteke årsrapport oljeutskiljar for driftsår 2018. Frist for innsending av årsrapport til kommunen var 01.02.2019 (*jf. vilkår for å ha anlegg knytt på kommunalt leidningsnett*).

Som grunneigar og abonnent på avløpstenester i Lindås kommune har **Bkk AS** hovudansvar for at det vert sendt inn årsrapport for anlegg ved Kvassnesvegen 56. Årsrapporten skal dokumentere at anlegg er tømt og vedlikehalde iht kommunen sine krav for å ha anlegg knytt på kommunalt avløpsnett, samt at anlegg stettar krav til utslepp (forureiningsforskrifta § 15-7).

### Vi ber om at årsrapport for driftsår 2018 vert sendt inn snarast.

Lindås kommune skal føre kontroll med anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn på kommunalt avløpsnett. Det viktig at kommunen har kontroll på anlegg slik at ein unngår at olje vert ført ut på avløpsnett og til pumpestasjon/reinseanlegg. Olje i avløpsnett påfører kommunen store drifts- og vedlikehaldskostnader. Dette er kostnader som kommunen må dekk inn gjennom kommunale gebyr eller ved å fakturere den som er ansvarleg for utslepp.

### Førehandsvarsling og tilsyn:

På bakgrunn av manglande årsrapportering ser vi behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsyn er få på plass gode rapporterings-, drifts- og vedlikehaldsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg ved Kvassnesvegen 56. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget vedtak – Varsel om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakarar:**

Bkk AS

Postboks 7050

5020

BERGEN